

Etiske retningslinjer for rettleiing ved Høgskulen på Vestlandet

(rektorvedtak 25/02506-2, revidert 06.06.2025)

Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal gje studentar og doktorgradskandidatar rettleiing av høg kvalitet. Dei etiske retningslinjene gjeld for fagleg rettleiing på alle utdanningsnivå, frå bachelor til ph.d. (Både studentar og ph.d.- kandidatar vert i det følgjande samla kalla *studentar*).

Fakulteta og institutta skal kvalitetssikre rettleiinga ved opplæring og bevisstgjerings av rettleiarar. Vidare skal kvar rettleiar kontinuerleg tileigne seg naudsynt og tilstrekkeleg kompetanse i form av kunnskap, ferdigheiter og kvalifikasjonar for å best mogleg kunne ivareta sine plikter som rettleiarar. Rettleiinga skal ivareta faglege så vel som individuelle omsyn.

Arbeids- og læringsmiljøet ved HVL skal vere trygt og inkluderande. Trakassering, rasisme og diskriminering skal ikkje førekomme.

I. Relasjonen mellom rettleiar og student

For å fremje ein god relasjon er det viktig at både rettleiar og student utviser gjensidig respekt for kvarandre sin faglege og personlege integritet. Dette inneberer blant anna at:

- Rettleiar og student skal syne respekt for kvarandre. Dei skal ikkje utføre handlingar eller kome med ytringar som kan virke diskriminerande og/eller krenkande for den andre sin integritet eller verdigheit.
- Rettleiar må vere medviten om det asymmetriske maktforholdet som eksisterer i ein rettleiingsrelasjon, og gjere særleg innsats for å leggje til rette for konstruktiv dialog.
- Rettleiar og student skal vere varsame og utvise diskresjon ved omtale av kollegaer, og andre rettleiarar.
- Rettleiar skal ikkje bruke rettleiingstida til å ta opp sine egne faglege eller personlege utfordringar med mindre det er relevant og har betydning for studenten sitt arbeid eller opplæring. Rettleiar bør vere open og lyttande ovanfor personlege tilhøve studenten tek opp, som kan ha konsekvensar for rettleiingsrelasjonen. Fortrulege opplysningar som kjem fram under rettleiinga må ikkje vidareformidlast til andre.
- Dersom rettleiaren ser at studenten treng hjelp på grunn av personlege utfordringar, skal rettleiaren oppfordre studenten til å oppsøke aktuelle hjelpeinstansar. Dette kan til dømes vere studenten sin fastlege eller helsetilboda som ligg under Saman (Studentsamskipnaden på Vestlandet): [Sammen | Studentsamskipnaden på Vestlandet](#)

II. Profesjonalitet og habilitet

- Rettleiaren og studenten skal ha eit profesjonelt forhold, og dei skal ikkje ha relasjon som er i strid med nødvendig profesjonell distanse. Rettleiaren har eit særskilt ansvar for å ikkje setje studenten i ein sårbar situasjon og/eller utnytte ein slik situasjon. Dersom det oppstår ein relasjon utover det profesjonelle, mellom rettleiar og student, skal fakultet-/instituttleiinga varslast og det formelle rettleiingsforholdet skal opphøyre.
- Om rettleiar og student har eit privat vennskapsforhold, skal begge partar vere oppmerksame på viktigheita av tydelege grenser mellom det profesjonelle og det private.
- Rettleiar skal ikkje utnytte fagleg kunnskap og autoritet til å vinne faglege eller personlege fordelar, eller på andre måtar krenke eller undertrykke studenten.
- Ein kan ikkje vere rettleiar for nokon ein er i slekt eller svoger- eller svigerskap med (i tråd med habilitetsreglane i forvaltningslova §6).
- Dersom ein student har fleire rettleiarar skal det ikkje vere parforhold eller familiære relasjonar mellom rettleiarane. Fakulteta kan gjere unntak etter særskild vurdering¹.
- Rettleiar og student skal møte førebudde og til avtalte tider, og unngå uromoment og usakleg dialog, som kan forstyrre rettleiinga.
- **Gåver og honorar:** Rettleiar skal ikkje ta imot gåver eller honorar for rettleiing, ut over det som er avtala med ansvarleg eining. Ved tvil skal det søkast råd hos leiar.
- **Medforfattarskap, bruk av datamateriale og/eller forskingsresultat:** Eit rettleiarforhold gir ikkje grunnlag for medforfattarskap i seg sjølv. Medforfattarskap skal vere tufta på vesentleg bidrag til publikasjonen. Dette er beskrevet i nasjonale forskingsetiske retningslinjer for medforfattarskap og i [Vancouvertilrådingane](#).
- Dersom rettleiar ønsker å bruke studenten sitt datamateriale eller forskingsresultat i eigne publikasjonar eller forskning, må rettleiar sørge for å innhente løyve frå studenten og informere studenten om kva dette kan innebære, og følgje fagspesifikke og generelle forskingsetiske retningslinjer for referering til kjelder og kreditering. Tilsvarande må studenten avklare og innhente løyve frå rettleiar, og følgje fagspesifikke og generelle forskingsetiske retningslinjer for referering til kjelder og kreditering.

III. Rettleiaren og studenten sine plikter

Begge partar har plikter som må ivaretakast for at rettleiinga skal fungere best mogleg:

Rettleiar skal:

- Halde seg oppdatert om rammer og retningslinjer for rettleiinga.

¹ Unntak kan vurderast dersom det ikkje finnst andre rettleiarar innan fagområdet

- Gjere studenten kjend med relevant regelverk og retningslinjer tilpassa nivået og arbeidet til studenten. Dette omfattar mellom anna å sette seg grundig inn i prosjektet til studenten med tilhøyrande datagrunnlag, og bidra til å identifisere forskingsetiske problemstillingar.
- Vere ein god forskingsetisk rollemodell, og formidle krav til forskingsetisk reieleg framferd. Rettleiar skal bidra til at studenten får opplæring i forskingsetikk i tråd med lovverk og nasjonale forskingsetiske retningslinjer, og kan reflektere rundt og drøfte forskingsetiske spørsmål og dilemma, både generelt og knytt til eige prosjekt, spesielt.
- Bidra til at studenten kan vurdere både sterke og svake sider ved val av metode, og sjå til at innsamling, oppbevaring, bruk og publisering av data og personopplysningar samt avslutning av prosjektet, vert gjennomførte i tråd med lov- og regelverk. Rettleiar skal sikre at naudsynte godkjenningar er på plass før oppstart av, og om nødvendig undervegs i, prosjektet. (Ved endringar i prosjektet må rettleiar sjå til at endringsgodkjenning vert henta inn og at endringsmelding vert sendt til instituttet).
- Bidra til å inkludere studenten i arbeids- eller læringsmiljøet på ein god måte.
- Legge til rette for god og konstruktiv dialog og vere open for tilbakemeldingar, mellom anna rundt forma på rettleiinga.

Studenten skal:

- Ta imot og aktivt delta i den faglege rettleiinga og bidra til ein god og konstruktiv relasjon.
- Setje seg inn i og følgje forskingsetiske prinsipp og retningslinjer, handsame og oppbevare data og personopplysningar etter institusjonens retningslinjer og i tråd med lovverket, og be om råd frå rettleiar dersom hen er i tvil.
- Vere open og kritisk reflekterande til eige arbeid ut frå innspel frå rettleiar, og gje rettleiar fullt innblikk i arbeidet og framdrifta.

IV. Konflikt i rettleiingsrelasjonen

- Rettleiar og student skal freista opptre slik at eventuell usemje ikkje eskalerer til konflikt og eit dårleg samarbeidsklima.
- Dersom rettleiar eller student finn rettleiingssituasjonen så vanskeleg at eit vidare samarbeid verkar umogleg, skal rettleiar og/eller student involvere næraste leiing for å finne beste løysing.

Lovverk og kjelder:

- [Lov om universiteter og høyskoler \(universitets- og høyskoleloven\) - Lovdata](#)
- [Lov om organisering av forskningsetisk arbeid \(forskningsetikkloven\) - Lovdata](#)
- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\) - Kapittel II. Om ugildhet. - Lovdata](#)
- [Lov om behandling av personopplysninger \(personopplysningsloven\) - Lovdata](#)
- [Forskrift om graden philosophiae doctor \(ph.d.\) ved Høgskulen på Vestlandet - Lovdata](#)
- [Vancouvertilrådingane - ICMJE | Recommendations](#)
- [Etiske retningslinjer for veiledningsrelasjoner - Det medisinske fakultet \(uio.no\)](#)
- [Etiske retningslinjer for veiledningsrelasjoner - Universitetet i Oslo \(uio.no\)](#)
- [Etiske retningslinjer for veiledning - UiA](#)
- [Etiske retningslinjer for veiledning ved UiT Norges arktiske universitet](#)
- [Veileder om institusjonenes ansvar for forskningsetikk | Forskningsetikk](#)
- [Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi | Forskningsetikk](#)
- [Sammen | Studentsamskipnaden på Vestlandet](#)